

Møtereferat

Referatdato:
25.04.2025

Referanse:
2025/999-14

Mottakar:

Referat fra informasjonsmøte om Skred og flaum-rapportane for Torpo og Ål sentrum

Møtet blei heldt på Tanken arena den 23. april 2025. Møtet var delt i to Torpo ble gjennomgått frå kl. 17.00-18.30 og skredrapporten for Ål sentrum vart gjennomgått frå kl. 18.30-20.00.

Frå Skred AS stilte: Espen, Ragnhild, Birgit og Kalle.

Frå Ål kommune stilte: Svein Furuhaug, Betina M. Gullhagen og Rådmann Karsten Pop Dideriksen.

Ål kommune presiserer at det er kommunen som har bestilt skred og flaum- kartlegginga for å få ein oversikt over hvilke områder i kommunen som er skred og flaum utsett. Rapportane er eit verktøy som skal brukast til planlegging i kommunen, dei gir ein oversikt over evakueringsområder og skal brukast til å planlegge beredskap.

Rapportane leggst ut på Ål kommune si heimeside. Det oppfordrast til å lese rapportane.

Det er mange områder i Ål kommune som har vorte kartlagde, når alle rapportane er ferdige skal det lagast ei prioriteringsliste. Prioriteringslista er ein prioritert liste over fareområda i kommunen, dei områda hvor det er størst fare får høgare prioritet enn områder med mindre fare. Denne lista skal nyttast i sikringsarbeidet i kommunen. Politikarene i Ål kommune ynskjer å følgje prioriteringslista slik ho blir satt opp av Skred AS. Dette er fordi politikarene meiner dei ikkje har fagleg grunnlag for å gjere ei anna vurdering enn Skred AS.

Ål kommune kjem til å søke til NVE om støtte til sikringstiltak i kommunen, det er avgjerande at sikringstiltaket sikrar flest mogleg folk eller samfunnsinteresser for at NVE skal gi støtte. NVE kan dekke 90% av kostnadene knytt til eit sikringstiltak, dei resterande 10% må politikarane i kommunen avgjere fordelinga på. Det er ikkje sikkert Ål kommune får støtte frå NVE og da kan ikkje kommunen bygge sikringstiltaket. Det er avgjerande at grunneigarane bidreg til å betale eigenandelen for sikringstiltaket. NVE prioriterer om dei skal gi støtte ut i frå fare og gevinst. Det er lite sannsynleg at Ål kommune får støtte til eit sikringstiltak som sikrar berre eit hus.

Rapportane viser eit resultat for skred og flaumfare med forholda slik dei er i dag og eit resultat for eit tenkt scenario kor ein har fjerna all skogen. Skogen er med på å binde jorda og hindre at det kjem skred, dersom ein fjerner all skogen i eit skredområde vil dette påverke faresona. Dette er meir uttupa i rapporten.

Ål kommune har fått beskjed om dei farlegaste områda i kommunen og har derfor starta på sikringstiltak i desse områda. Det har blitt søkt om støtte til tre sikringstiltak, desse tiltaka er:

- Sikringen av Kvinda som NVE tok på seg og har gjennomført i 2024-2025.
- Det er prosjektet med sikringen av Hellinggrove og Stavegrove som skal begynne i starten av mai i år og pågå ut på hausten i 2026. Her har NVE gitt 90% støtte til kostnadene som omhandlar bekkeløpet, Ål kommune må betale kostnader knytt til infrastruktur som vegar og stikkrenner sjølv. I dette prosjektet er det fleire grunneigarar og aktørar som eig infrastruktur i området og eigenandelen er fordelt mellom alle desse.
- Ål kommune har fått 90% støtte frå NVE til ein skredvoll i Klyvsetvegen i Tune. Dette prosjektet er ikkje påbegynt.



Ål kommune

Møtet for Torpo

Skredrapporten vart gjennomgått av Espen frå Skred AS og flaumrapporten vart gjennomgått av Ragnhild. Dei forklarte korleis dei har jobba for å kartlegge skred og kritiske punkter for flaum i Torpo, deretter presenterte dei resultatet av kartlegginga.

Spørsmål frå salen

Kvifor er det enkelte områder som ikkje er skredkartlagt?

Heile Ål kommune er ikkje kartlagt. Ål kommune har prioritert å kartlegge områdene hvor det bur mest folk og som ligg i aktsomheitskartet med skredfare.

Er flaumfaren i Hallingdalselva kartlagt?

Skred AS har kartlagt dei kritiske punkta i bekkane som renn gjennom Torpo, dei har ikkje undersøkt flaumfaren i Hallingdalselva. Det var heller ikkje Hallingdalselva som var problemet under Hans, ja ho steig og vart stor men det var tetting av stikkrenner og bekkar som fant andre vegar som skapte farane under Hans. Vatn som finn nye vegar og skred heng tett saman og det er dette Skred AS har kartlagt. Det er også Hafslund som styrar og kontrollerar vann-standen i Hallingdalselva.

Kva betyr det om huset mitt ligg i ei 1-1000 års sone for skred?

I ei 1-1000 års sone er det sannsynleg at det går eit ras i løpet av eit 1000 års intervall. Dei som har bustad som ligg i ei 1-1000 års sone kan bygge på huset sitt opp til 50kvm og dei kan setje opp ein ny garasje. Dersom huset brenner ned får dei ikkje setje opp eit nytt hus utan at det blir etablert eit sikringstiltak som tek eigedommen eller hustomta ut av faresona. Med dette så meinast det at sikringstiltaket må tilfredsstillе NVE sine krav til sikring for at det skal påverke faresona. Det kan være fleire ulike faresoner på same eigedommen, dette kan gjere at ein kan setje opp eit nytt hus ein anna plass på tomta dersom den nye plasseringa ikkje er i 1-1000 års sone. Dersom ein har bustad i 1-100 års sone får ein ikkje lov til å bygge på eller sette opp ein ny garasje utan at det er etablert sikring. Dette gjeld ingen områder på Torpo eller i Ål sentrum.

Kan Ål kommune nekte skogeigarar å drive hogst i skogen?

Nei, Ål kommune kan ikkje nekte ein skogeigar å drive med hogst i eigen skog. Ål kommune vil gå i dialog med skogeigar for å diskutere ei fornuftig drift og vedlikehald av skogen i dei områda som er skredutsatte. Ettersom skogen er med på å minimere skredfaren er det viktig at ein drifter skogen på korrekt måte. Ein blandingsskog med både bartrær og bladtrær samt også unge og gamle trær er det beste skogen med tanke på skred.

Skogsbilvegane skaper ofte eit stort problem når det kjem til kritiske punkt for flaum som kan skape skredfare. Med dette så meinast stikkrenner og grøfter i forbindelse med vegen. Riktig handtering av vatten er like viktig og påverkar skredfaren like mykje som hogsten.

Kan veglag og privatpersonar gjere utbetringar i stikkrennene som er kritiske punkter i Torpo?

Nei, privatpersonar og vegsameige skal ikkje gjere utbetringar i stikkrenner. Dette er fordi Ål kommune må ha ein kontroll på at tiltaka som blir gjort er tilstrekkelege i forhold til kva for ein dimensjon som trengs. Der kor det blir gjort utbetringar er dette også i samhandling med andre tiltak. Dersom ein utbetrar ei stikkrenne midt i eit bekkeløp vil dette også påverke belastninga på stikkrennene lengre nede og ein vil flytte problemet, det er derfor viktig at det er ein plan for utbetring.

Møtet for Sentrum

Resultata i skredrapporten vart gjennomgått av Birgit frå Skred AS. Flaumrapporten har vorte gjennomgått før og ligg på Ål kommune si heimeside.

Spørsmål frå salen

Kva betyr det om eit hus ligg i ei faresone?

Skred AS presenterte modell 1 under for å forklare dei ulike faresonene. Det er ulike krav og restriksjonar knytt til ulike bygningar og de ulike faresonene.

Bygningane delast inn i tre klassar:

Klasse S1: Garasjar og andre mindre hus med lite personopphold

Klasse S2: Bustadhus, driftsbygning i landbruket, parkeringshus og andre bygningar hvor det er personopphald.




Klasse S3: Eneboligar/rekkehus med meir enn 10 bueinheiter, arbeid-publikumsbygg hvor det normalt oppheldt seg meir enn 25 personar. Skule, barnehage, sjukeheim ect.

Faresone 1-100 år: Her er det sannsynleg at det går eit skred ein gang i løpet av 100 år. Dette er berre eit estimat og det kan gå hyppigare eller sjeldnare. I denne faresona er det ikkje lov til å byggje nokon nye bygningar, det er heller ikkje lov til å bygge på eksisterande bygningar.

Faresone 1-1000 år: Her det sannsynleg at det går eit skred ein gang i løpet av 1000 år. I denne faresona er det ikkje lov å byggje nye hus (klasse S2). Det er lov til å byggje nye klasse 1 bygg som garasjar, uthus og det er lov å byggje på inntil 50kvm på eksisterande bygningar. Dersom det skal byggast eit nytt hus eller byggjast på meir enn 50kvm må det settast opp eit sikringstiltak som tilsvara NVE sine krav slik at eigdommen blir tatt ut av faresona.

Faresone 1-5000 år: Her det sannsynleg at det går eit skred ein gang i løpet av 5000 år. I denne faresona er det lov å bygje nye bustadhus (klasse S), garasjar og lygnande (klasse S1). Det er ikkje lov å bygje klasse S3 bygg som barnehage, skule, sjukeheim og andre typar S3 bygg.

For ytleigare forklaring les rapportane, les på NVE sin veileder – Sikringshåndboka og kapittel 7 «Sikkerhet mot naturpåkjenninger» i TEK17



Modell 1: henta frå Sikringshåndboka, kap «Skred i bratt terreng», Fase 1: Planlegging av tiltak mot skred i bratt terreng.

Kjelde: [Sikringshåndboka: Planlegging](#)

Korleis blei det gjort prioritering for evakuering under Hans?

Skred AS gjorde ei fortløpande fagleg vurdering av områdene og ga beskjed til Ål kommune og politiet om hvilke områder som burde evakuerast. Politiet tok deretter avgjersler om hvilke områder som skulle bli evakuert.



Ål kommune

Dersom det er andre spørsmål kan dere sende de til betina.gullhagen@aal.kommune.no

Med helsing
Betina Mariannedotter Gullhagen
Prosjektleder